

---

Vår referanse 2021/6579-2  
Dato 9.4.2021

---

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

## Uttale - søknad om utvida bruk av avkøyrslø - gnr 37 bnr 41 - fv 570 Austfjordvegen - Masfjorden kommune

Viser til mottatt søknad om utvida bruk av avkøyrslø. Vestland fylkeskommune mottar søknad som eigar og forvaltar av fylkesveg 570 Austfjordvegen.

### Bakgrunn

Det er søkt om å bygge tilkomstveg til hyttetomt på eigedom gnr. 37 bnr. 41 i Masfjorden kommune.

Søknaden gjeld utvida bruk av avkøyrsløpunkt mellom fylkesveg 570 Austfjordvegen og skogsbilveg/pv. 101 Austfjordvegen knytt til hyttetomt på omsøkt eigedom, sjå kart nedanfor. Fylkesvegen og avkøyrsløpunktet er regulert i reguleringsplan Einestrand Nordkvingo, plan-id; 126620 130003. Sjølve eigedomen er derimot ikkje regulert, men avsett til LNF-føremål i kommuneplanens arealdel (KPA), plan-id; 1266 2016 0004. Tiltak om å bygge 50 meter lang veg krev følgeleg dispensasjon frå LNF-føremål i KPA. Vestland fylkeskommune skal difor ikkje fatte vedtak etter veglovas § 40 i denne saka, men heller gje ei generell uttale ettersom saka vedkjem vårt saksområde.



Fylkesatlas.no

### Vurdering og uttale

Etter ei heilskapleg vurdering av omsøkt tiltak stiller Vestland fylkeskommune seg negative til ein dispensasjon frå LNF-føremål i KPA, og utvida bruk av eksisterande avkøyrslø. Avkøyrsløpunktet er verken utarbeidd etter gjeldande reguleringsplan eller stettar dei vegtekniske krava i handbok N100. Blant anna er vegbreidda til fv. 570 ikkje dimensjonert etter gjeldande reguleringsplan. Vegen er smal og det er knapt plass til at to bilar kan passere kvarandre. Reguleringsplanen viser vidare til at skogsbilvegen munnar vinkelrett ut på fylkesvegen, medan det i røyndomen dannar ein

spiss vinkel i venstre sving ut på fylkesvegen, sjå kart nedanfor. Med andre ord, det er ikkje tilstrekkeleg med svingradius i venstresvingen ut frå eignedomen.



Fylkesatlas.no

### Konklusjon

Vestland fylkeskommune stiller seg negative til at det gis dispensasjon frå LNF-føremål i denne saka. Vi gjer allereie no merksam på at utvida bruk av dagens avkøyrsla ikkje kan påreknast frå vår side. Dersom avkøyrsla blir bygd slik reguleringsplan Einestrands Nordkvinge viser, kan søkar påreknne løyve til utvida bruk av avkøyrsla frå Vestland fylkeskommune.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringenjør

Sara Nordahl  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

Frithjof Kvinge    Ola Grotnes' Vei 9